

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEITEVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.
Tlf. 91186782.**

01 NOV 2016

**Arne Marås,
Slettevegen 172,
5976 Manger.**

KVEDNHUSET PÅ MARÅS.

**Marås gr.nr 53, br.nr. 1.
Radøy kommune. Hordaland fylke.**

FERDIGMELDING.

Kvednhuset på Marås er no ferdig restaurert. Arbeidet byrja 06. 09. og vart avslutta 18. 10. 2016. Det gjekk greit og etter restaureringsplanen, ingen store problem underveis. Eigaren hadde rydja vekk skogen, teke torva av taket og terkt ei pressening over huset, dessuten hadde han fjerna den store steinen som hadde rasa ned på huset. Me jekka huset opp og flytta det attende på grunnene, slik det stod før steinen rasa ned og skuva huset 20 cm ut mot elva.

Som planlagt måtte nedste tømmeromfaret bytast, det gjekk greit. Huset fekk ny kledning, døra kunne brukast, men fekk nytt lås. Sperrene midt på huset var brukande, sameleis halvparten av sutaket. Kanesperrene og sutaket nede på ufsa måtte bytast. Me la plastmembran over sutaket, og synleg never på ufs og kanar. Eigaren la sjølv torva og tjørebredidde.

Alt under huset var vekke. Me laga ny kall, grunnslo, grima og stilling.

Dei nye materialene var av sers god alfura.

Inne måtte me byta kvednalega og kvednagolvet. Teina og mjølkista var gode som dei var. Lurane er der, men dei er därlege, me laga nye lurar, dei gamle ligg i huset.

Steinane var heilt utslitne, det brotna stykke av dei då me tok dei ut. Det trøngst nye steinar, eg fann eit par i ei elv på Osterøy, dei var til sals for kr 30000. Men før me fekk henta dei, fann me nye, ubrukte, steinar tett ved kvernhuset. Dei var dekt av jord, mose og småkratt.

Sist huset var i bruk var i 1936. Då steinane var utslitne har nye vorte kjøpt, men dei kom ikkje på plass. Steinane som låg i huset var 100 cm Ø, dei nye 80, so det måtte til litt ombygging av kvednagolv og lega.

Sloket og inntaksdammen var ikkje med i planen denne gongen, men då me fann dei nye steinene, ville eigaren ha sloka på plass, og. Det gjorde me, materialkvaliteten er fyrsteklasses

No står det att er å tetta inntaksdammen, slik at vatnet kjem høgt nok til å renna i sloket.

Det skal eigaren gjera sjølv. Når det er gjort kan kvernhuset brukas i flaumperiodar.

Me hadde uvanleg fint arbeidsver med lite vatn i elva, det gjorde alt mykje enklare.

Dessutan var eigaren påpasseleg og rydja rundt huset heile tida, dermed gjekk arbeidet både lett og raskt unna.

Revheim 18. 10. 2016.


Rune Revheim.